



Kommunal- og distriktsministeren

Postmottak Kommunal- og forvaltningskomiteen

Dykkar ref
2023/4284

Vår ref
23/5620-3

Dato
1. desember 2023

Dokument 8:35 S (2023-2024) Representantforslag 35 S om tiltak for lågare gebyr innan vatn- og avløpssektoren

Eg syner til brev frå kommunal- og forvaltningskomiteen av 15. november 2023 med representantforslag 35 S (2023–2024) frå stortingsrepresentantane Anne Kristine Linnestad, Mudassar Kapur, Mari Holm Lønseth og Liv Kari Eskeland.

Regjeringa ønskjer å møte utfordringane vi står overfor innan vass- og avløpsområdet på ein heilskapleg måte. Som omtalt i Meld. St. 15 (2022-2023) *Folkehelsemeldinga*, tok derfor helse- og omsorgsministeren allereie vinteren 2022 initiativ til å opprette eit interdepartementalt samarbeidsforum for vatn og avløp. I tillegg til Helse- og omsorgsdepartementet inngår Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet. Samtidig med at dette samarbeidsforumet vart oppretta, tok helse- og omsorgsministeren initiativ til at dei nasjonale måla for vatn og helse som var fastsette i 2014, skulle reviderast og at det skulle utarbeidast ein tverrsektoriell gjennomføringsplan.

Utfordringane vi ser på vass- og avløpsområdet heng saman med det store vedlikehaldsetterslepet i sektoren. Både insentivordningar for samarbeid og vidare utgreiingsbehov angående ulike finansieringsmodellar vert vurdert. Innan vatn og avløp er det sjølvkostprinsippet som gjeld, og vi som brukar vass- og avløpstenestene betalar for velfungerande tenester. Auka kostnader på avløpsområdet har samanheng med både det store etterslepet og nye krav som kan kome i revidert avløpsdirektiv.

I Riksrevisjonen sitt Dokument 3:88 (2022-2023) *Myndighetenes arbeid med trygt drikkevann* er ei av anbefalingane at Helse- og omsorgsdepartementet skaffar informasjon om korleis kommunar brukar eksisterande finansieringsmodell for drikkevasstenestene. Både

Riksrevisjonen sin rapport og moglegheitsstudien inngår som grunnlagsdokument i det pågåande arbeidet med å utarbeide og få fastsett nye nasjonale mål for vatn og helse med ein tverrsektoriell gjennomføringsplan.

I punkt 3 til 5 i forslaget tek representantane opp tema som høyrer inn under regelverket som Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar.

Kommunelova § 15-1 med tilhøyrande føresegn om sjølvkost gjev reglar for korleis sjølvkost skal bereknast og handsamast over tid. Tidlegare var dette berre regulert gjennom retningslinjer, men med ny kommunelov vart dette lovfesta frå og med 2020. Kommunelova § 15-1 slår fast dei grunnleggjande prinsippa, medan sjølvkostføresegna regulerer nærare korleis samla sjølvkost for ei sjølvkostteneste skal bereknast og korleis kommunen skal handsame høve kor dei i enkeltår tek inn meir eller mindre i gebyrinntekter enn sjølvkost.

I og med at lov- og føresegnfestinga i 2020 av korleis samla sjølvkost skal bereknast innebar ny regulering på dette feltet, er det òg naturleg å evaluere føresegna om sjølvkost etter at ho har verka litt tid. Eg er kjend med problemstillingane som vert tekne opp i punkt 3 til 5, og alle punkta vil vere ein naturleg del av ei slik evaluering. Utreiingane vil måtte skje i tråd med utgreiingsinstruksen.

Punkt 3 og 4 handlar i realiteten om moglegheita til å finansiere kostnadene ved ein sjølvkostteneste over ein lengre periode. Til punktet om å forlengje avskrivningstida på vatn- og avløpsnett vil eg for ordens skuld nemne at det heller ikkje etter regelverket i dag er noko til hinder for å leggje til grunn lengre avskrivningstider enn det som ligg i budsjett- og rekneskapsføresegna for kommunane. Dette er gjort greie for i svar frå kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik til stortingsrepresentant Liv Kari Eskeland 28. mars 2023 i dokument nr. 15:1750 (2022–2023).

Kalkylerenta inngår på si side i berekninga av sjølvkost på to vis. For det fyrste skal ho skal kompensere kommunen for kapitalen som er bunden opp i investeringane på sjølvkostområdet. Her vil eg presisere at når sjølvkost berre set taket for kva kommunane kan ta i samla gebyr frå innbyggjarane, slik det gjer for vass- og avløpstenestene, er det ikkje noko i vegen for at kommunen kan vedta lågare gebyr om kommunestyret ønskjer det. I det ligg det òg at kommunen kan leggje til grunn ei faktisk rente til grunn for utmålinga av gebyr, så sant denne renta er lågare enn kalkylerenta i føresegna.

For det andre skal det bereknast renter på midlar som er avsette til eit sjølvkostfond. Om kommunen har bygd opp eit sjølvkostfond, har kommunen i realiteten lånt pengar frå innbyggjarane. Då må kommunen òg leggje til renter på fondet som kompenserer

innbyggjarane for dette. I slike høve kan ikkje kommunen sjølv definere ei eiga rente som er lågare enn kalkylerenta.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Erling Sande'. The signature is stylized with large, sweeping loops and is written diagonally across the page.

Erling Sande